

**Sakshandsamar:**Jan Tore Rosenlund  
E-post: jan.tore.rosenlund@sfj.no  
Tlf.: 91674735**Vår ref.**Sak nr.: 18/2394-29  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Dykkar ref.**

19/11330

**Dato**

LEIKANGER, 23.09.2019

Gloppen kommune  
Grandavegen 9  
6823 SANDANETrivselshagen IKS  
Gota 14  
6823 Sandane

## Svar - Oppfølging av rapporten om Trivselshagen

Viser til brev av 2. september 2019 frå Gloppen kommune. Beklagar at det tok noko tid å svare på dette.

På eigarmøte 15. august i år var det semje om å halde fram prosessen og først fokusere på det grunnleggande omkring kostnadsfordelinga med omsyn til bruk og bruksfordeling.

Nemnde brev tek opp fleire sider ved økonomien, samarbeidet og eigarmodellen. Brevet går såleis utover det som vart avtalt på eigarmøte. Vi forstår det likevel slik at kommunen er samd i at inntektene må fylgje utgiftene. Dagens praksis, der ein god del inntekter går til kommunen, medan kostnadene blir dekkja av selskapet og dermed blir fordelt på fylkeskommunen og kommunen, kan ikkje halde fram. Dette gjeld særleg kostnadene knytt til bassenganlegget, men i utgangspunktet all framleige som Gloppen kommune har ettersom bruk av bygget alltid vil ha ei kostnadsside.

Når det gjeld fordeling av utgifter med bakgrunn i bruk, meiner fylkeskommunen at det ikkje er urimeleg at den som disponerer anlegget og skal stå for den tilsvarande kostnaden. Ei ev. ny ordning med fordeling av utgifter med grunnlag i eigarskap er såleis ikkje aktuelt å drøfte på nytt.

Fylkeskommunen vil no tilrå at selskapet sine utkast til nye drifts- og leigeavtalar, med revidert bruks- og kostnadsfordeling, vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. Dette arbeidet kan etter vår vurdering leiast av selskapet/selskapet sine organ i dialog med partane. Vi ber no selskapet ta initiativ til dette - i løpet av oktober månad. Når dette er løyst, vil vi som avtalt på eigarmøte 15.08.19 kunne gå i nærare dialog om framtidig samarbeid og naudsynte justeringar i eigarmodellen.

Om tilhøva omkring bruks- og kostnadsfordelinga ikkje finn ei snarleg løysing, vil vi tilrå at vi går i dialog for å løyse opp selskapet, dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar slik fylkesutvalet slutta seg til i møte 19.06.19.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Kopi til:

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no  
Heimeside:  
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

Ordfører Leidulf Gloppestad  
Fylkesordfører Jenny Følling  
Ass. fylkesrådmann Paal Fosdal  
Opplæringsdirektør Bekka Skaasheim  
Ass opplæringsdirektør Tor-Einar Holvik Skinlo  
Rektor Hallgeir Hansen